



HARAM
KOMMUNE

Overgang frå barnehage til skule

Informasjon til foreldre og føresette




Haram kommune har ein plan for overgang mellom barnehage og skule. Barn og føresette skal føle seg trygge på at både barnehage og skule gjer sitt beste for å skape kontinuitet og samanheng mellom barnehage og skule. Dette krev tett samarbeid med barna og dei føresette, og mellom tilsette i barnehage, skule og SFO.

Føresette har ei viktig rolle i overgangen. Dei skal vere ein støttespelar for barnet, og samarbeide tett med dei tilsette i barnehage, skule og SFO.

Mål for overgangen frå barnehage til skule i Haram

- Barna skal oppleve overgangen frå barnehage til skule og SFO som trygg og god.
- Barna skal oppleve samanheng mellom barnehage og skule.
- Å skape eit godt grunnlag og motivasjon for å begynne på skulen.
- Å skape eit godt grunnlag for det enkelte barn sin trivsel, utvikling og læring.

Førskulebarn utan barnehageplass i Haram kommune må innlemmast i skulen sin plan for treffpunkt.



Forventningar til føresette

Vi forventar at føresette er engasjerte og deltakande i barnet sin overgang mellom barnehage og skule.

Nyttige tips til føresette før skulestart:

- Les for barnet. Snakk om det de har lest, tenker og føler.
- Skap positive forventningar til skulestart ved å snakke positivt om skulen og SFO.
- Legg til rette for samtale om barnet sine tankar om skulestart slik de kan hjelpe barnet med å få realistiske forventningar.
- Bli kjent med skuleområdet.
- Sjå til at barnet ditt får nok søvn.
- Hjelp barnet ditt til å vere sjølvstendig.
- Ta ansvar for fellesskapet, ver ein god rollemodell.
- Inviter andre barn og foreldre heim for å bli kjent og knyte band.
- Ha realistiske forventningar til barnet ditt.
- Spør barnehagen eller skulen om du er usikker.
- Hjelp barnet ditt til å vere ein god ven.
- Set grenser for barnet ditt på ein positiv måte, og ros barnet når det følger dei.



Kva skjer i barnehagen før skulestart?

- Barnehagen har eit eige pedagogisk opplegg for barna siste året i barnehagen.
- Alle føresette blir invitert til foreldremøte hausten siste året i barnehagen. Der får dei presentert plan for overgang barnehage – skule, orientering om barnehagen sitt pedagogiske opplegg, og diskutert si eiga rolle og medverke i overgangen.
- Dei tilsette i barnehage og skule samarbeider om ein trygg overgang til skulen.
- Overgangen til skule er tema i siste foreldresamtale på våren før skulestart.
- All informasjon om ditt barn som vert utveksla mellom barnehage og skule skal godkjennast av deg som føresett.
- Barnehage og skule gjennomfører treffpunkt gjennom året for at overgangen skal bli tryggare.
- Barnehagetida vert avslutta på ein god måte.
- Det vert gjennomført overgangsmøte mellom barnehage og skule for dei barna som er meldt til PPT, eller som eventuelt har oppfølging gjennom andre instansar.

I september vert det gjennomført samarbeidsmøte mellom rektor, styrar, lærar og pedagogiske leiarar der ein planlegg overgangsaktivitetar det komande året. Barnehagen sender planen ut til føresette. Føresette som ikkje har barn i barnehage kan kontakte skulen for informasjon.



Kva skjer i skulen før skulestart?

Innskrivingsdag

Innskriving er i januar månad det året barnet skal starte på skulen. Ved årsskiftet får barnet skriftleg invitasjon frå skulen og møter til innskrivinga saman med føresett.

Førskuledag

I månadsskiftet mai/juni blir barnet invitert til førskuledag. Her får barnet møte klassekameratar, og aktuelle tilsette ved skulen, til dømes rektor, kontaktlærer og leiar for SFO (skulefritidsordning). Barnet vil også få omvising på skulen.

Foreldremøte

Vert avhalde i samband med førskuledagen. Her får føresette informasjon om skulestart, kva forventningar skulen har til føresette ved skulestart og om eventuelle temakvelder i regi av skule/kommune.





Annan informasjon

Skuletilhøyrse

Elevar i grunnskulen har rett til å gå på den skulen dei soknar til. I følge Opplæringslova § 2-6, er det høve til å søke om skulegang ved ein annan skule enn den eleven soknar til. Rektor ved den enkelte skule vil kunne gi nærare informasjon om saksgang.

Skulefritidsordning

Skulefritidsordninga (SFO) er eit tilbod til elevar før og etter skuletid, og i nokre av skuleferiane. Tilbodet gjeld alle elevar på 1.- 4. klassetrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7.trinn. SFO skal gi elevane moglegheit til leik, kultur- og fritidsaktivitetar utanom skuletida.

Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Barn med nedsett funksjonsevne skal få gode utviklingsvilkår.

Utsett eller tidlegare skulestart

Kommunen skal la eit barn begynne på skulen det året barnet fyller sju år, dersom foreldra søker om det eller samtykker, og det etter ei sakkunnig vurdering er tvil om at barnet er komme langt nok i utviklinga si til at det bør begynne på skulen det året barnet fyller seks år.

Kommunen kan la eit barn begynne på skulen det året barnet fyller fem år, dersom foreldra søker om det eller samtykker og ei sakkunnig vurdering viser at det er forsvarleg.



Pedagogisk- psykologisk teneste (PPT)

PPT i Haram er ei hjelpeteneste for barn, unge og vaksne med særlege opplæringsbehov.

Tenesta skal bidra til at barn, unge og vaksne med særskilte behov får gode og likeverdige opplærings- og utviklingsmoglegheiter. PPT skal hjelpe barnehagar og skular med kompetanse- og organisasjonsutvikling, slik at dei legg til rette for barn og elevar.

Målforma i grunnskulen

Alle skulane i Haram kommune har nynorsk som hovudmål, og nyttar dette i skriftleg opplæring og arbeid. Føresette som ønsker eit anna opplæringsmål for eleven, må melde frå om dette ved innskriving.

Når minst ti elevar på eitt av årstrinna 1 - 7 i kommunen ønsker skriftleg opplæring på eit anna hovudmål enn det kommunen har vedtatt, har desse elevane rett til å tilhøyre ei eiga elevgruppe. Retten gjeld så lenge det er minst seks elevar igjen i denne gruppa. Når elevane er spreidde på fleire skular i kommunen, vedtek foreldra, med vanleg fleirtal, kva for skule som skal gi dette tilbodet.

Skuleskyss

Som hovudregel har elevar i grunnskulen rett på gratis skuleskyss der dei har meir enn 4

kilometer skuleveg. For 1. klasse gjeld retten der eleven har meir enn 2 kilometer skuleveg.


Skyss-reglementet for elevar i grunnskulen finn de på nettsidene til Møre og Romsdal fylke:

www.mrfylke.no/skoleskyss.

Etter skulestart

Det vert invitert til foreldremøte i slutten av august. Der vil ein seie noko om korleis skulestarten vart og det blir gitt praktisk informasjon. I løpet av hausten inviterer kontaktlærer til foreldresamtale.

Velkomen som elev i skulen i Haram!



Meir informasjon om skulane i Haram finn du her: [Skule - Haram kommune](#)

Aktuelle nettsider

- Utdanningsdirektoratet: www.utdanningsdirektoratet.no
- Foreldreutvalget for grunnskolen: www.fug.no
- Møre og Romsdal fylke: www.mrfylke.no